

Produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid

Informasjon til deg som søker om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid med søknadsfrist 20. januar 2015.



GJER DEG KJENT MED REGELVERKET

Søker du om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid, må du kjenne dei juridiske føresegnene i dei relevante forskriftene og i jordbruksavtalen. Du finn dei aktuelle dokumenta på Landbruksdirektoratet si nettside www.landbruksdirektoratet.no, under menyen Produksjon og marked/ Produksjonstilskudd/ Aktuell søknadsomgang.

NYTT REGELVERK FOR PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSERTILSKOT FRÅ 1.1.2015

Ny forskrift om produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket skal tre i kraft 1.1.2015. Du finn informasjon om dei ulike endringane i regel-

FAKTA

Kort om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid ved søknadsomgangen i januar 2015

- Søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid kan du levere frå og med 1. januar 2015 (registreringsdatoen)
- Søknadsfristen er 20. januar 2015
- Produksjonstilskot er ei fellesnemning for ei rekkje tilskotsordningar som føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon kan søkje på.
- Tilskot til avløyning ved ferie og fritid er ei refusjonsordning der føretak med husdyrproduksjon kan få dekt utgifter det har hatt til avløyning.
- Søknadsomgangen i januar omfattar disse tilskotsordningane:
 - Tilskot til avløyning ved ferie og fritid
 - Distriktstilskot til frukt, bær og veksthusgrønnsaker
 - Distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Norge
 - Tilskot til husdyr
 - Tilskot til lammeslakt og kjeslakt
 - Tilskot til bevaringsverdige storferaser
 - Tilskot til økologisk husdyrproduksjon
 - Tilskot til mjølkeproduksjon
 - Driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon

verket på vår nettside www.landbruksdirektoratet.no og i rettleiingsheftet for produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid, som du finn på nettsida vår under menyen Produksjon og marknad/ Produksjonstilskot/ Aktuell søknadsomgang.

Regelverket for tilskot til avløyning ved sjukdom mv. er også endra. Du finn informasjon om desse endringane på nettsida vår.

NYTT FRÅ JORDBRUKSOPPGJØRET

Ein del av endringane i produksjonstilskot og avløysartilskot som følgde av jordbruksavtalen 2014, får først verknad frå og med 1.1.2015. Dette gjeld blant anna avviklinga av særregelverket for samdrifter. Jordbruksavtalen 2014 – 2015 finn du på Landbruks- og matdepartementets nettside www.lmd.dep.no. I rettleiingsheftet om produksjonstilskot finn du ei oppsummering av dei endringane som følgde av jordbruksavtalen for produksjonstilskotsordningane og for tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Rettleiingshefte finn du på www.landbruksdirektoratet.no under menyen Produksjon og marked.

DIGITAL UTSENDING AV TILSKOTSBREV OG INFORMASJONSMATERIELL

Digital kommunikasjon er nå hovudregelen for Landbruksdirektoratets kommunikasjon med føretak som søker produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Ved den sentrale utbetalinga av produksjonstilskott i februar 2015 (etter søknaden i august 2014), er hovudregelen at tilskotsbrevet blir sendt digitalt til føretaket sin meldingsboks i Altinn, og ikkje på papir. Alle føretak som har oppgjeve mobilnummer eller e-post i produksjonstilskotssøknaden, vil berre få tilskotsbrevet i meldingsboksen sin i Altinn. Samstundes som tilskotsbrevet blir tilgjengeleg i Altinn, vil du få varsel på mobil/e-post. Dei føretaka som korkje har gjeve mobilnummer eller e-postadresse, blir tilsendt tilskotsbrev på papir. Tilskotsbrevet vil også vere tilgjengeleg i elektronisk versjon i meldingsboksen i Altinn for dei som mottar brevet per post.

Ver merksam på at utsendinga du nå har fått, er den siste postutsendinga av informasjonsmateriell. Frå neste søknadsomgang gjeld dei digitale prosedyrane òg informasjonsmateriell som blir sendt ut før søknadsomgangane.

DU KAN BRUKE BANKID TIL INNLOGGING

Du må bruke anten BankID, MinID eller Buypass for å logge deg inn i søknaden din via Altinn på www.landbruksdirektoratet.no. Du kan ikkje lenger bruke eingongskode frå Altinn-brev. Du kan lese meir om dei ulike innloggingsmetodane her: www.difi.no/elektronisk-id.

BRUKARSKIFTE I MJØLKEPRODUKSJON

Er du involvert i eit brukarskifte som skal skje før eller ved årsskiftet på gardsbruk med mjølkeproduksjon? Da er det viktig at de melder frå til meieriet dykkars i god tid før datoen brukarskiftet skal skje. Om brukarskiftet ikkje blir meldt inn i god tid før årsskiftet, og det nye føretaket søker om tilskot til husdyr, kan søknaden bli feilmeldt i den maskinelle kontrollen av søknadane. Er søknaden din feilmeldt får du ikkje utbetalt tilskot ved hovudutbetalinga i juni. Du finn nærmare informasjon på www.landbruksdirektoratet.no.

HAR DU SPØRSMÅL?

Les i rettleiingsheftet om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid som du finn på www.landbruksdirektoratet.no under menyen Produksjon og marked, eller kontakt kommunen din